

Mellom krøllete nervar og trugande trekk

Linn Ullmann syner seg som ein forfattar med djup innsikt i korleis born ser føresetnadene som universelle kjensgjerningar, til blikket ho har på dei vaksne som ikkje har funne ut kva det tyder å vera vaksen.

ROMAN

LINN ULLMANN:

De urolige

FORLAGET OKTOBER 2015

Det finst eit tysk ordtak som seier at eit geni er ein dårleg granne. Ein kunne kanskje heller seia ein dårleg forelder, men det får berre alle utilstrekkelege foreldre til å tru at dei er geniale, i alle høve der ordet syllogisme er eit framandord. Som det jo er. Kor som er: Golo Mann, ein av sønene til Thomas Mann, kunne ikkje skriva skjønnlitteratur før faren var død. Men det var no berre eit døme, og folk er heldigvis individ. Somme av dei. Men det er

nok stridt å veksa opp som barn av vidgjetne personar.

Som dotter til to nær sagt ikoniske personlegdomar har Linn Ullmann dette dobbelt opp, men ho har, på framifrå vis, markert seg absolutt snarare enn relativt, sjølv om relasjonane sikkert har opna nokre dører for henne, av di folk er nyfikne både på korleis det er å vera henne, og på kva ho kan ha å fortelje om faren og mora. Den effekten vert neppe mindre med den nye boka hennar, der ho skriv om seg sjølv, om den store registersøren og den verdskjende skodespelaren. Men Linn Ullmann gjer dette med kløkt og konduite, og på same vis som eg freistar å gjera det her: Ho nemner dei aldri ved namn.

«MANNFOLK OVER OG UT!»

De urolige er ei god bok, der nokre dårlege opptak av samtalar med faren står i sentrum. Då var faren gamal og etter kvart på veg mot dei siste hildringstimar der nært og fjernt flaut saman med draum og røymsle, slik at han ikkje alltid kunne gje brukande svar på spørsmåla hennar. Opptaka skulle nyttast til ei bok, og no har det skjedd, sjølv om det nok vart ei anna slags bok enn planen var frå først av.

Linn, som ikkje heiter Linn, voks opp med mora, og i dei mange tomromma mora lét etter seg på stader karrieren tok henne til. Medan det hjå mora var eit liv med reglar under vedvarande revisjon, var formalitetane eins å sjå som dei gamle fjell hjå faren. Mora var plaga med at nervane krølla seg, faren var redd for så mangt og mest den fælslege sjukdomen forkjøling, som kunne oppstå av livsfarleg trekk. Boka inneheld då også ei kosteleg liste over det livstrugande for ei ung jente på Färö, der faren budde. Like kosteleg er mantraet til mora, nytta tidt og ofte: «Mannfolk over og



Linn Ullmann er dotter til to nær sagt ikoniske personlegdomar. Foto: Agnete Brun

ut!» Dei hauggamle mellom oss minnest vel Rolf Just Nilsen og den langtande sjømannen som er opphavet til replikken, rett nok i forma «Kvinnfolk? Over og ut!»

DJUP INNSIKT

Linn Ullmann syner seg i denne boka som ein forfattar med definisjonsevne og djup innsikt i alt frå korleis born ser føresetnadene, sjølv slike som er dikta opp av dei vaksne, som universelle kjensgjerningar, og til det blikket ho har på dei vaksne som ikkje har funne ut kva det tyder å vera vaksen, slik hunden hennar heller ikkje har funne ut kva det er å vera hund.

Mot slutten av livet skal faren ha sagt at han jobba med ei stor omsetjing. Det kan ha vore ordskum frå drøymehavet, men kanskje den kunnskapsrike

mannen minstest desse orda av John Donne, ord som her ligg føre i ei stor omsetjing gjord *ad hoc* av meg: «Heile menneskeætta er av éin forfattar, og er eitt verk; når eit menneske dør, er ikkje eit kapittel rive ut or boka, men omsett til eit betre språk, og kvart kapittel må verta omsett slik; Gud sysselset fleire omsetjarar, somme stykke vert omsette av alder, somme av sjukdom, nokre av krig, nokre av rettargang, men Guds hand er i kvar omsetjing, og handa hans skal atter binda saman våre spreidde blad, til det biblioteket der alle bøker skal liggja opne for kvarandre.»

Slik er det kanskje. Over og ut!

ODD W. SURÉN

Odd W. Surén er forfattar og fast bokmeldar i Dag og Tid.



Oslo 1981: Forfattar Doris Lessing vert intervjuet på besøk i Noreg. Foto: Henrik Laurvik / NTB scanpix

NORSK LESSING TIL AFRIKA

Elisabeth Beanca Halvorsens framsyning *Forestilling med perlehøne* skal opna litteraturfestivalen LiFest i Harare i dag 27. november.

Framsyinga skal vistast tre kveldar på rad og er samstundes opninga av det nye Theatre in the Park, ei friluftsscene som tek fem hundre tilskodarar.

Framsyinga er inspirert av nobelprisvinnar Lessings liv og verk. Stykket hadde premiere i 2013 og skal no spelast på engelsk for første gong.

Teatermanuset er ein del av Halvorsens bok om Doris Lessing, som Gyldendal skal gje ut februar neste år.



Elisabeth Beanca Halvorsen. Foto: Ingunn Eriksen

AVLYSER BOKSIGNERING


Hege Storhaug, som nyleg gav ut boka *Islam – den 11. landeplage*, har fått melding frå ein Norli-bokhandel i eit storsenter at butikken avlyser boksignering og føredrag på grunn av tryggingssyn, melder NRK.

– Bokhandlarar fryktar for tryggleiken både for seg og kundane, medan politiet har kapasitetsproblem, skriv Storhaug på nettsidene til Human Rights.

BOKHANDLARPRISEN

Maja Lunde (40) er tildelt Bokhandlarprisen for romanen *Bienes historie*. Det er dei tilsette i bokhandlar over heile landet som har røysta fram boka som sin favoritt mellom dei norske bøkene i år.

ottar@dagogtid.no



De urolige er ei god bok, der nokre dårlege opptak av samtalar med faren står i sentrum.

FORTELJINGAR PÅ NYNORSK FOR DEI MINSTE FINN DU HOS SKALD



Hjørtevarmande om vinter og venskap.

199,-



Ellevill historie om ein sprø oppfinnar, ein isbjørn i nød og ein gjeng surferglade ungdommar. Med lattergaranti.

199,-



Nynorsk gävefavoritt. Kvar bok inneheld om lag 20 nyskrivne forteljingar, illustrert av Gunvor Rasmussen.

TILBOD: 299,- 329,-



Eventyrleg forteljing om smokkar som forsvinn.

199,-



Norsk sogeklassikar fortald av Jon Fosse og illustrert av Oddvar Torsheim.

TILBOD: 249,- 299,-



FINN FLEIRE FLOTTE JULEGÅVER OG BESTILL PÅ SKALD.NO. VI BETALER FRAKTA. GRATIS JULESONGHEFTE VED BESTILLING FRÅ 3 BØKER.